



Leikanger 12. januar 2022

Referat frå møte i Leikanger sokneråd tysdag 11.01.22

Desse møtte: Vegard Bondevik Lie, Signe Eikenes, Åse Kongsvik, Jon Erling Oppedal, Elin Borlaug Hauge, Eli Marita Vik Næss og Tove Stensås. Tore Oddvin Stølen melde forfall.

Sakliste:

Sak 47/21 Godkjenning av innkalling og referat frå førre møte

Sak 48/21 Skriv og meldingar

Saksframstilling:

Skriv

- Ingen skriv til dette møtet

Møtebok

- Ingen referat til møtet

Meldingar

- Ingen meldingar til dette møtet.

Orienteringssaker:

- Gudstenestene sidan sist v /Vegard: Julegudstenestene julafta er populære . Folk sette utruleg pris på at det vart sett opp ekstra gudsteneste, påmeldinga var stor, og alle tre gudstenestene vart fulle.
- Komande aktivitetar i kyrkja; -tysdagstreff og gudstenester
 - Salmar og kaffi/salmekveld sundag 23.01.22. Avventer om det vert kaffi/kaffimat
 - Samling for frivillige medarbeidarar. Vegard og Dagny kallar inn.
 - Tysdagstreffet går etter planen, men utan føredragshaldarar og varm mat. Fokus på song, andakt, god prat, enkel servering.
 - Kveldsgudsteneste med fakkeltog den 27.februar
 - Gudsteneste med kyrkjeringjubileum 13.mars
 - Salmar og kaffi med etterfylgjande årsmøte sundag 20.mars
- Juletrefesten som vi ikkje kunne arrangere
 - Få til ein juletrefest i eit litt enklare format, i romjula. Fokus på barna, Krudlalaget, julenisse mm.

Sak 03/22 Økonomisk resultat 2021

Saksframstilling:

Det økonomiske resultatet for Leikanger sokneråd har vore negativt dei to siste åra. Årsresultatet i 2020 var på -12 000,-kr, og i 2021 i underkant av -10.000,-kr. Økonomien er like vel god; - det står ved årsskiftet 21/22 154 532 kr på driftskontoen.

Vi fekk inn ca. 4.000,-kr i offergåver til eige arbeid i 2021. Fast gjevarteneste var på 3.000,-kr. Tilsvarende tal for 2020 var 12.000,-kr og 5.000,- kr. Driftskostnadene var i 2021 17.500,-, og i 2020 24.000,-kr.

Vi har sett opp offer til kyrkjelydsarbeidet på sju gudstenester første halvår. Soknerådet må i møte drøfte korleis vi kan auke inntektene slik at vi unngår negativt resultat i 2022.

Drøfting i møtet: Viktig å nå ut med informasjon om kva kyrkjelydsarbeidet går ut på, kva soknerådet nyttar peng til. Årsmeldinga er ei viktig informasjonskjelde for å setje lys på kva kyrkjelydsarbeidet er. Bør ligge giro i Kyrkjelydsbladet, med kontonummer og Vippsnummer for gåver til kyrkjelydsarbeidet/Kyrkjelydsbladet.

Driftsrekneskap for Leikanger sokneråd låg ved innkallinga.

Framlegg til vedtak:

Saka blei lagd fram utan framlegg til vedtak.

Sak 04/22: Alkoholfri altarvin

Saksframstilling:

Det vert i dag nytta alkoholhaldig altarvin ved nattverden i Leikanger. I dei andre sokna /kyrkjene blir det nytta alkoholfri altarvin. Sidan det også er born som går til nattverd bør vi også i Leikanger gå over til alkoholfri vin.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet vedtek å nytte alkoholfri altarvin i nattverden frå og med dags dato.

Vedtak:

Soknerådet vedtek å nytte alkoholfri altarvin i nattverden frå og med dags dato.

Sak 05/22: Fasteaksjonen 2022

Saksframstilling:

Leikanger sokneråd har lang tradisjon med å delta i Kirkens nødhjelp sin årlege fasteaksjon. Den inngår i konfirmantundervisninga. Det blir arrangert ei inspirasjonssamling 21.januar kl. 09. Sjå program og meld deg eventuelt på under vedlagde link. [Fasteaksjonen](#)

Drøfting i møtet: Fasteaksjonen er fastsett til tysdag 5.april. Ein håpar på bøsseaksjon i år, men det kan bli digitalt slik det var i fjor. Konfirmantforeldre bidreg med mykje hjelp denne kvelden. Tove Stensås og Eli Vik Ness organiserer arbeidet i kyrkjelydshuset.

Sak 06/22: Kyrkjeringane 50 år

Saksframstilling:

Kyrkjeringane vart stifta 28.februar i 1972, og det vart oppretta tre ringar i bygda. Dei har hatt faste månadlege møte, og dei har samla inn store summar som har kome Leikanger kyrkje til gode. Mellom anna har dei finansierte dei vakre kyrkjetekstilane våre. Etter kvart har medlemmene blitt eldre, og mange har falle frå. Den indre og midtre kyrkjeringen vart slegne saman i 2021. Når kyrkjeringane no jubilerer bør Leikanger sokneråd vise takksemd for det arbeidet som kyrkjeringane har gjort.

Framlegg til vedtak:

Saka blei lagd fram utan framlegg til vedtak. Vi diskuterte i møte korleis vi kan markere jubileet til kyrkjeringane.

Vedtak:

Det vert markering av kyrkjeringjubileum på gudstenesta 13. mars, med etterfylgjande kyrkjekaffi i kyrkjelydshuset.

Sak 07/22: Fargerik vårsamling

Saksframstilling:

I sak 49/21 drøfta soknerådet Fargerik førjulssamling. I utgangspunktet ynskte vi å gjennomføre ei slik samling før jul, men på grunn av smittesituasjonen let ikkje dette seg gjere. Vi vedtok å utsetje arrangementet til ut på vårcparten.

Drøfting i møtet: Det vert fokus på mat frå ulike land/kulturar. Kven er målgruppa? Korleis inviterer vi? Samarbeid med frivilligsentralen, leier Mona Teigen Kvam? Ope for alle, sommarfest for kyrkjelyden, i kyrkjelydshuset? Vert teke opp att på neste soknerådsmøte.

Framlegg til vedtak:

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak. Soknerådet drøftar gjennomføring og opplegg i møtet.

Sak 08/22: Ymse

- 2022 er Frivillighetens år. Kva tenker vi rundt det?

[Frivillighetens år 2022 \(frivillighetensar.no\)](https://www.frivillighetensar.no)

- Fokus på kva den enkelte kan bidra med: Kva vil du, kva kan du?
- Bruke Kyrkjelydsbladet til å informere om Frivillighetens år 2022.
- Kyrkjespiret Leikanger kyrkje
 - Det gamle spiret ligg no bak i kyrkja. Foreløpig kan det vere der, men det er aktuelt å ta det tilbake i skapet på galleriet og setje inn ei dør slik at det er mogleg å kome til.
- Høyring om gravferdsvedtekter Stedje kyrkje. Vegard orienterte. Det ligg informasjon om saka under Den norske kyrkja, Sogndal. Dei som har merknader melder desse til Jon Erling Oppedal som tek dei vidare til møte i Fellesrådet når saka er oppe der.

Referent Tove Stensås